

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Randaberg

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavgr. G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Det om kveka i sp. 3 har eg frå cand. filol. A. Ropeid.

SVAR

Spursmål 1.

Ordet eng vart brukt i same tyding som i spyrjeskjemaet. Utslåttar var det ingen av. Men skrapslått var det ganske mye av.

Ordet tjukkeng var vanleg brukt. Like eins ekre. Med det meinte ein eit stykke god eng. Dei andre ~~ord~~ ordi veit eg ingen ting om

Sp. 2.

Gjeng ut.

Sp. 3.

Eg tykkjest minnast at gamal saltlage tildels vart bruka til å få mosen vekk.

Herr Ropeid visste å fotelja at böndene kring Stavanger for til Randaberg og fekk tak i kveke, hakka den i småbitar og sådde i åker som skulle verta til eng. Dei för nemde heimelsmennene mine- Jan L. Viste og Johan Raustein, Rygg, hadde og høyrd noke om dette.

Sp. 4.

Litt grøfting var det nok. Men det var ikkje ~~rare~~ rare sakene. Vatning bruka ein sjölvsagt ikkje på Jæren.

Sp.5.

Gjödsling vart ålment nytta. Lannbrönn hadde einikkje, Men den faste gjödsla saman med ein del av lan-

~~net vart måka ut~~ Sp. 5

net vart måka ut og blanda med myrmold. Og so hadde ein 2-3 av dei fæle mitingane tett ved husene. I dei hadde ein avfall og blanda det med mold. Sjögardane köyrde heim mykje tare. Når den fekk ligja og rotna blanda med mold, vart det ypperlig gjödsel. Kvar sumar var det mest som ei vinna (onn) å köra heim myrmold. Hadde ein overflod av tare, so köyrde ein mykje av den ut over åker og eng. Det var vel for ein stor del grunnen til sjögardane på Jærem var dei beste i dei ymse bygder.

Sp. 6 og 7.

Gjeng ut.

Sp. 8.

Ein körde gjödsla ut om våren. Det kalla ein å möga. Til å lessa med bruka ein 3 eller 4-anga greip laga av ein bygdesmed. Det var nokomz tunge uhandterlege beist. Gjödsla vart hakka ut av kjerra med ein 4-anga hake, ismå dungar passande langt frå einannan. Smådungane vart so spreidd utover med ei lita greip.

Det var alltid so at lessinga var dei vaksne karane sitt arbeid. Og det var tungt arbeid. Husbond lesste av, og døtre og tenester^{jenter} og halvaksne ungar, spreidde utover. Skulde det gå regtig rakleg for seg, so måtte to karar lessa, husbond lessa av og to tri jenter eller store ungar spreidde.

Dei tunge greipene eg nemnde, har eg sjölv slite med. Men dei gjekk av bruk for 50-60 år sidan.

Sp.9.

- a. Sauen fekk beita på engi frå haust til vår.
- b. Det trur eg ikkje.
- c. og d. Nei.

Emne 12. Forts.

Sp. 10.

I dei siste 50-60 år har mest alle kvitta seg med sauene. Han vart for hard med enga i ei bygd der det ikkje er nemnande utmark att. Dei fleste bruk har ikkje utmark til kulturbeite, og so lyt kyrne få beita i tjukkeng. Dette skiftet i beitebruk har gått fyre seg litt etter litt i dei siste decennier etter kvart som nydyrkingi har skrede fram.

Sp. 11.

Sjeldan.

Sp.12 - 21.

Gjeng ut.

